


Mange tunge løft for «Uglen»: Den nye kaien kan takast i bruk allereie i haust



NY KAI: Torsdag løfta skipet på plass det siste av seks blytunge betongelement som utgjer kaidekket til den nye syrekaien som Boliden Odda byggjer på austsida av Eitrheimsneset. Foto: Kai-Inge Melkeraaen/Boliden Odda

Av Eivind Dahle Sjåstad

Publisert: 29.08.23 05:00


Del

Den nye kaien på Eitrheimsneset skal kunne ta imot utstyr i løpet av hausten og nyttast til å senda ut svovelsyre og ta imot lut allereie frå februar neste år.

Dei siste dagane har fleire sett det gigantiske kranskipet *Uglen* på Sørfjorden. Frå nattopphaldet ved kai i Odda har det vore mange turar ut til Eitrheimshalvøya der det går føre seg ei storstilt utviding av sinkverket.

Nesten ni milliardar kroner skal nyttast til å utvida og modernisera den svenskeigde hjørnesteinsverksemda Boliden Odda. Eit av mange prosjekt i Green Zinc Odda 4.0 (GZO) er bygginga av ei ny kai.

Torsdag løfta *Uglen* på plass det siste av seks blytunge betonelement som utgjer kaidekket til den nye syrekaien som sinkverket byggjer på austsida av Eitrheimsneset.



BYGGJER UT: Slik ser kaibygginga og arbeidet til kranskipet *Uglen* ut frå lufta. Foto: Kai-Inge Melkeraaen/Boliden Odda

– Dette er ein av mange store milepålar i Green Zinc Odda-prosjektet, forklarar HR- og kommunikasjonsansvarleg, Karl Ystanes.

Dekket vart førehandsprodusert i Sandnes, ved Vestbetong sine lokale, og deretter frakta til Odda på ein lekter. Det er også Vestbetong AS som har jobben med å byggja den nye kaien, frå start til slutt.

– Det har ikkje mangla på utfordringar for entreprenøren og byggherren, mellom anna med ei nokså krevjande og trøng byggetomt. Det er noko utfordrande tilgjenge, men arbeidet har gått godt og jamt med dyktige fagfolk og godt samarbeid, seier Ystanes.

Torsdag vart ein merkedag for prosjektet og det var ein letta arbeidsleiar i Vestbetong, Rikard Vinningsland, som kunne konstatera at kai-elementa er på plass. Dei passar nemleg perfekt til både kvarandre og til pilarane under. I tillegg ligg kaikanten snorbein langs fjorden.



LETTA: Områdeleiar for Kai og logistikk i GZO, Lars Ole Hammersland, seier dei er imponerte over entreprenøren. Foto: Eivind Dahle Sjåstad



GIGAKRANE: Det er store dimensjonar på kranskipet som vart nytta i arbeidet med å lagå ny kai.

Letta og blid var også områdeleiar for Kai og logistikk i GZO, Lars Ole Hammersland.

– Dette er ein særskilt god dag. Vi er imponerte over entreprenøren og vi er glade for eit godt samarbeid om eit prosjekt som har vore, og er, spennande og utfordrande. No ser vi fram til å få kaien heilt ferdig og utstyrt, seier Hammersland.

Dei seks elementa som utgjer kaidekke og dykdalb er tunge og det tyngste løftet som Uglen gjorde på onsdag var på heile 670 tonn. Dei andre løfta fordeler seg på vekter ned til 100 tonn, som var det siste løftet torsdag ettermiddag.

– Dette er det tyngste løftet Vestbetong har vore med på i si verksemder, fortel Vinningsland.

Kaien står på jernpålar som er bora 4,5 meter ned i fast fjell på botnen. Pålane er røyrløft som no skal fyllast med betong.

– No står det att å støypa og armera elementa til kvarandre, og deretter å utrusta kaien med anna utstyr og infrastruktur, seier Karl Ystanes.

Planen er at kaien skal vera klar til å ta imot utstyr til GZO-prosjektet frå midten av oktober i år, og deretter klar til å senda ut svovelsyre og ta imot lut i februar 2024.

Green Zink Odda 4.0.

Boliden Odda vart etablert som Det Norske Zinkkompani i 1924 og har dermed produsert sink i nesten 100 år.


Utvridningsprosjektet til Boliden Odda har fått namnet Green Zink Odda 4.0. og skal nesten doble produksjonskapasiteten av sink. I 2024 skal verket kunne produsera 350 000 tonn sink i året.

Prosjektet starta opp i 2021 og skal gå føre seg til våren 2024 og har ei investeringsramme på ca. 8,7 milliardar kroner.

2023 er peika ut som det store byggjeåret då om lag 1000 arbeidarar knytt til prosjektet vil vere i sving.



SYRE: Boliden Odda bygger i desse dagane ny syrekai aust på Eitrheimsneset. Foto: Boliden Odda



Ny syrekai Foto: Kai-Inge Melkeræen/Boliden Odda